



Vingulmork, 13. april 2024

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Fråsegn til framlegg um rettskrivingsbrigde

Norskt Måldyrkingslag hev merknader åt framlegg til brigde i rettskrivingi av ymse ord som Språkrådet no hev sendt ut på høyring. Merknadene gjeld i grunn berre nynorsk, men sumt kann råka bokmål med.

1. Ordet *koss*

Språkrådet gjerer framlegg um at ordet *koss* skal takast inn att i normi. Det er vitugt.

Med umboti året 2012 vart *koss* utteke på rangt grunnlag. Ordet var fyrr ordlisteført i klomber attmed *korleis* som det vøre eit avbrigde av det ordet, men dei er åtskilde ord med ulikt opphav. *Koss* skulde dermed rettare vøre oppsett med eigi oppføring i ordlista. Nog hev *koss* same opphavet som *korso*, men desse skapi er no sopass åtskilde at det gjev meining å føra deim upp serkvart — for ein kann godt ymsa millom alle desse ordi *korleis*, *koss* og *korso* i einn og same teksten, til skilnad frå «sideformer» som *vi* attmed *me* og *dilikt*. So veili oppføringi var, vart *koss* au utteke med ei laus tilvising til at det vøre ein av «to valfrie former».

Ålment er det ein rikdom med fleire ord for di um dei tyder det same, ofta for skuld stilen. Til dømes er det kjekt å hava ordet *dilik* som tyder det same som *slik*, og det vøre vitlaust å taka ut *dilik* or ordlista for di det er mykje minder nøytt en *slik*. Ord som hev både nøytsla og soga å syna til, må ein ikkje vanda i utidom.

Det vart gjort fleire slike mistak i 2012 som Språkrådet kann sjå um dei vil retta upp att ved høve.

2. Kynet på ordet *skyr*

Det islendske ordet *skyr* er same ordet som norsk *skyr* (*skjør* i ordlista) 'ymis laupen mjølke-mat', og er innhenta i handelen til nemning på tradisjonell islendsk skyrost. Framburden ymsar, men fell oftaste i hop med gjengeleg vestnorsk framburd av det norske ordet med *y*-ljod. Ein kann dermed godt handsama alt detta som eitt og same ordet på nynorsk, med ei innlånt sertyding frå islendsk, slik det vert gjort på svensk (SAOB).

Det er då ingen grunn til å handsama ordet som eit nyare lånord i nynorsk og for den sak skuld lita til bruket i bokmål. Ordet lyt då halda på berre inkjekyn på nynorsk, so som nøytsla er, men stavingi lyt helst vera *skyr* el. *skjør*, med påpeiking at berre *skyr* er gjengelegt

i tydingi 'islenssk skyrost'. Det er for mykje å krevja at folk som ber ordet likt fram (*skyr*) i alle tydingane, skal skilja på stavagjerdi etter kva sertyding det er tale um.

3. Bøygingi av ordet *jus* el. *juss*

Språkrådet gjerer framlegg um at ordet *jus* el. *juss* berre skal hava bundi form *jussen*. Det vert rangt: Ein kann ikkje hava bøygingi *jus* : *jussen* på norsk. Slik tviauke av medljod kjenner me frå dansk og nederlendsk rettskriving, og i nokon mun frå engelsk, men det bryt med ei grunnsetning i norsk rettskriving.

For Norskt Måldyrkingslag

Thorgeir Holm, styresmann